



Trampetten til Os Turn er ei av dei som fekk støtte frå KUP-midla. Støtta går til ei ny matte «Air Floor» (foto: KVB)

## Desse får KUP-midlar

Formannskapet delte tysdag ut 700 000 kroner til frivillige lag og organisasjonar i Os. Her er oversikta over mottakarane.

Av: [Andris Hamre](#) Tirsdag, april 14, 2015 - 13:27

I samband med budsjettet for 2015 satte kommunestyret 1 million kroner til kommunale KUP-midla (Kulturelt utviklingsprogram) som delast ut etter søknad.

Totalt blei det [søkt om 3,5 millionar kroner](#), noko som vitnar om eit rikt kulturliv.

Formannskapet delte allereie i oktober 2014 ut [300 000 kroner til Osfest](#).

### Vil nå flest mogleg

Eit underutval bestående av ordførar Terje Søviknes (Frp), varaordførar Marie Bruarøy (H) og Lars Atle Skorpen (Ap) hadde på førehand gått gjennom dei 61 søknadane.

- Søkdane har blitt handsama i dei tre grupperingane som administrasjonen hadde skissert.
- Vi har freista å treffe flest mogleg, og samstundes prioritert tiltak som rettar seg mot barn og unge, forklarte Søviknes.

### Kvifor midlar til utstyr?

Jon Sivert Rykkel (V) var ikkje misnøgd med den jobben underutvalet hadde gjort, men stilte spørsmålsteikn om KUP-midlane fevna for breitt.

- Det er utruleg mykje bra søknader og tiltak, men eg stussar litt når vi gjev midlar til utstyr.
- Hører ikkje dei søknadane i ein heilt annan boks, undra Rykkel.

## Mange skal føle dei kan søka

Han fekk ikkje støtte i synspunktet.

– Eg er begeistra over den mengden og søknadene vi får inn. Det er heilt håndterbart.

– KUP-midlane skal vera slik at mange føler seg søknadsberettiga.

– Så har vi forsøkt å finna nokre av tiltaka som kan vera varige og permanente, særleg når dei kan bli nytta av mange, svarte Lars Atle Skorpen.

Eit samla formannskap gjekk for underutvalet si innstilling og delte ut dei siste 700 000 kronene til følgjande mottakarar:

Søkjar	Formål	Tildeling kr.
Os kulturutvikling	Sommarutstilling SkulpturiOs	70000
Stiftinga Det historiske tunet på Lyngheim	Konsertar og arrangement	50000
Os orienteringsklubb	Kulturløype stolpejakt og «finn fram på Øyro»	30000
Stiftelsen MusicaNord	Oseana Kammer Fest	30000
Kulturevent	Familiearrangement i Os	20000
Nore Neset Grendalag	Scenelys i Symrasalen	15000
Søre Øyane Naturbarnehage	Merking eventyrløype i Kobbavågen/Ternehaugen	20000
Os Hundeklubb	Nytt agility-utstyr	10000
Os Kobudokan Karateklubb	Konkurransematter og poentavler til NM i Oshallen	28000
FAU Lysekloster barneskule	Klatrepyramide	25000
Os turn, trampett	Ny matte/ «Air Floor»	35000
Oseana Kunst og Kultursenter	Tilskot til Seniortreff	50000
CISV Os	Internasjonal barneleir i Os	10000
Vidar Bratlund-Mæland	Julehefte til skulane i Os	20000
Os Svømmeklubb	Osmesterskap/kompetanse	32000
Os turlag	Aktivitetar til Friluftslivets år 2015	20000
Lysekloster Idrettslag	Framo Lysekloster cup	20000
Os revmatikerlag	Sommertur til Ramsholmen	5000
Os turn håndball	Guttehåndballdagen	20000
Os musikkforening	Samspel for unge blåsarar i Os	30000
Alle fotballklubbar i Os	Jentefotballdagen	20000
Helge Haukeland	Formidling av natur/miljø til barn	20000

Opera Omnia	«Tidsrom», møte mellom natur og kultur	20000
Søre Øyane Arbeidsstove	Tilskot til drift av arbeidsstove for barn og unge	10000
Søfteland Turn&ll	Opparbeiding av turstiar i nærområdet	30000
Os Mannskor	Gjensisitt frå Os Mannskor i Østerdalen, tilskot	20000
Os Orienteringsklubb	Tilskot til oppstart av klubb	20000
Os ungdomsklubb	Oppstart ny klubb	20000



**Roald Stigen** · Toppkomentator · Jobber for Selvstendig næringsdrivende

Er det slik at noen politikere MÅ være kritisk i alle sammenhenger ? Underutvalget har sikkert gjort en god jobb og at det bevilges midler til teknisk utstyr som er vesentlig for å utøve kulturell aktivitet må være svært prisverdig ☺ En trenger ikke være rakettforsker for å se den gode sammenheng. Det er tillatt å rose andre for gode og vanskelige prioriteringer

Svar · Liker · 14. april kl. 11:17

Sosial tilleggsfunksjon for Facebook

